

Bømlingar til bridge-EM



Bømlingane Reinert Amundsen og Rune Haldorsen vert dei aller første som skal representera Noreg i EM i bridge for par.

(Foto: Lillian Haug)

Reinert Amundsen og Rune W. Haldorsen frå Bømlo skal representera Noreg i EM i bridge for par som går av stabelen i Monte Carlo 22.-24. mars. Dei to vann sist helg Bergen Akademiske Bridgeklubb si storturnering. Saman med dei to skal og åtte andre norske par til Monte Carlo.

Dette er første gongen at Noreg er med i EM for par. Tid-

legare har ein prioritert lagspel der Noreg tradisjonelt sett har vore ein topp-nasjon. Litt artig er det difor at dei to bømlingane vert dei første som får representera Noreg i parsamanheng i EM.

Reinert Amundsen og Rune Haldorsen har spelt saman eit par års tid. I Bømlo er det etter kvart blitt eit heller aktivt bridgemiljø, særleg på juniorplan

der bømlingane meiner dei har «kremen» i Hordaland og Rogaland.

Reinert Amundsen meiner det er vanskeleg å antyda no korleis det vil gå i EM. Det kan bli alt frå topp til siste plass, meiner han. I dag er det Polen og Frankrike som på papiret er dei sterkeste korta i parsamanheng.